
Oppdragsgiver: Stranda Kommune
Oppdrag: 611559-01 – Detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen
Dato: 21.09.2017
Skrevet av: Victor Nakken
Kvalitetskontroll: Alf Idar Småge

Stranda kommune

Vedteken dato:
Datum for siste mindre endring: 26.06.2018

Reguleringsføresegner

PlanID <XXXXXXX> - Detaljregulering av del av Ødegårdsvegen og Langlovegen.

§ 1 SIKTEMÅLET MED PLANEN

Hovudsiktemålet med detaljreguleringa er å ivareta omsynet til trafikktryggleik og det fysiske miljø ved etablering av fortau og gang- og sykkelveg langs Ødegårdsvegen og Langlovegen, samt ei utviding av køyrebanebredda for Ødegårdsvegen og Langlovegen innanfor planområdet.

§ 2 AVGRENsing

Det regulerete området er vist med reguleringsgrense på plankartet merka *Detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen*, datert 18.09.2017.

§ 3 AREALFORMÅL

Areala innanfor planområdet regulerast til:

Bygningar og anlegg

- Bustader – Frittliggende-småhus

Samferdsel og teknisk infrastruktur

- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Annan veggrunn – Grøntareal

Grønstruktur

- Friområde

LNFR områder

- Landbruksformål

Bruk og vern av sjø og vassdrag

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

§ 4 FELLESFØRESEGNER

§ 4.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom gjenstandar, konstruksjonar eller andre funn vert oppdaget i samband med gravearbeid, skal arbeidet stoppast omgående og kulturminnemynde skal varslast, jf. Lov om kulturminner § 8,2. ledd.

§ 4.2 Bru/kulvert over Langloelva

Bru/kulvert over Langloelva skal sikrast mot erosjon og dimensjonerast slik at den ikke reduserer kapasiteten for vassføringa i Langloelva.

§ 5 FØRESEGNER FOR AREALFORMÅL

§ 5.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

§ 5.1.2 Bustader – Frittliggende-småhus (BFS1-8)

Områda er avsett til bustader – Frittliggende småhus.

Føresegner i plan ID 1965001 og 1972001 skal framleis gjelde.

§ 5.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

§ 5.2.1 Køyreveg (SKV1-8)

Køyrevegar skal opparbeidast med bredder som vist på plankartet. Det kan gjerast mindre justeringar i samråd med aktuell vegmynde. o_SKV1, o_SKV2 og o_SKV3, o_SKV5 og o_SKV6 skal være offentleg.

§ 5.2.2 Fortau (SF1-7)

Fortau skal opparbeidast med bredder som vist på plankartet. Alle areala for fortau skal vere offentlege.

§ 5.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS)

Gang- og sykkelvegar skal opparbeidast med bredder som vist på plankartet. Formålet for gang-/sykkelveg skal vere offentleg.

§ 5.2.4 Annan veggrunn – grøntareal (SVG1-12)

Areal vist som annan veggrunn – grøntareal på plankartet skal nyttast til grøfter, skjæringar, fyllingar og snøopplag. Innanfor formålet er det tillatt å oppføre støttemurar. Fyllingar skal tilpassast eksisterande tilgrensande terreng slik at unødige terrengeinngrep vert unngått. Areala skal enten tilsåast og tilplantast eller handsamast på anna estetisk god måte.

Alle areala for annan veggrunn skal være offentlege.

§ 5.3 Grønstruktur

§ 5.3.1 Friområde (GF1-2)

Områda er avsett til friområde.

Innanfor områda er det ikke tillatt å oppføre bygningar eller andre innretningar, eller gjere unødige terrengeinngrep som øydelegg områda sin verdi som fri- og rekreasjonsområde.

§ 5.3 Landbruks-, natur- og friluftsområde

§ 5.3.1 Landbruksformål (LL)

I anleggsfasen skal det takast særleg omsyn til matjorda og tiltak skal settast i verk for å hindre at matjorda sine eigenskapar vert forringa ved f.eks. komprimering. Eventuell matjord som blir fjerna i samband med realisering av planområdet skal brukast til erstatning for, eller forbetring av matjord på nærliggande jorde eller andre stader i kommunen.

§ 5.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag (§ 12-5, nr. 6)

§ 5.4.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV1-2)

Områda er avsett til friluftsområde i sjø og vassdrag.

§ 6 SIKRINGSSONER (§12-5, NR. 6)

§ 6.1 FRISIKT H140

I frisiktsoner skal terreng, vegetasjon, bygningsmessige konstruksjonar og liknande ikkje vere høgare enn 0,5 meter over planum for tilgrensande veg. Enkeltstående stolpar og oppstamma tre kan tillatast.

§ 7 BESTEMMELSESOMRÅDE (§ 12-5, NR 6)

§ 7.1 Anlegg- og riggområde

Areala markert #1, #2, #3, #4, #5, #6, #7, #8, #9, #10 og #11 på plankartet kan nyttast som midlertidig anleggsområde ved etablering av fortau, gang- og sykkelveg og utviding av køyrevegen. Etter avslutta anleggsperiode skal areala førast tilbake til sin opprinnelige eller planlagte form.

§ 7.2 Bestemmelsesområde #12, #13, #14

Før iverksetjinga av tiltak i medhalda av plan, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna (id 229864 og 229865) som er merka som område for føresegrn #12, #13 i plankartet. Det automatisk freda kulturminnet, id 229891, som er merka som område for føresegrn #14, er allereie tilstrekkeleg undersøkt og kan bli fjerna utan vilkår.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfangen av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

§ 7.3 Bygge og anleggsperioden

Plan for beskyttelse av trafikantar og omgivnader mot ulempar i bygge- og anleggsfasen skal følge søknad om igangsetting. Plana skal redegjøre for samrådsprosesser med berørte naboar, trafikkavvikling, trafikktryggleik for gåande og syklande, massetransport, reinhald og støvdemping, eventuelle støyreduserende tiltak og driftstider.

§ 8 REKKEFØLGEGØRESEGNER

§ 8.1 Tilkomstar

Før det kan gis ferdigattest skal tilkomst til dei berørte eigedommane være ferdig opparbeidd.